

**Tillitsvalde** har i år 2020 vore:

Leiar: Reidun Ramse Sørensen

Skrivar: Reidun Ramse Sørensen

Nestleiar fram til årsmøtet 9. mars 2020: Mari Svenbalrud

Kasserar: Einar Raastad, fritatt for andre styreoppgåver

Styremedlem: Torill Nedberge Klevmark

Styremedlem: Vemund Viken

1. vara: Gunvor Kjendlie

Ettersynsmann: Helge Midttun

Valnemnd: Arnfinn Nilsen og Reidun R. Sørensen

9. mars 2020 hadde vi årsmøte på Jevnaker bibliotek. Styret har hatt 7 møte og handsama 39 saker i 2020.

Vemund og Reidun er administratorar på FB-sida Hadeland dialekt- og mållag.

Grethe Bøe administrerar nettsida <https://hadeland-dml.no/>

## **Året 2020 var eit år med høgt tempo i Hdml**

Styret har m.a. jobba med finansiering av prosjekt og følgjande saker:

1. Prosjekt 410 helgeseminar Vinje i ei ny tid
2. Prosjekt 411 Vinje i media
3. Prosjekt 420(400) «Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland»
4. Prosjekt 430 Nygard og Hauge, poesikonsert
5. Prosjekt 440 Bok om hadelandsdialekta
6. Sendt høyringssvar i namnesak i Lunner, reist av Kartverket og Stadnamntenesta
7. Hjalp museet i eit prosjekt om dialog på dialekt, aktivisert av rørslesensorar
8. Hengsåsen naturreservat, omdøpt i ein hast av regjeringa til «Prinsesseåsen naturreservat»: Hdml støttar Toten dialekt- og mållag i saka.
9. Tildeling av Dialektprisen for Hadeland 2020
10. Førjulshelj på Granavollen: Vi fekk ikkje folk til å stille opp på stand, og arrangementet vart seinare avlyst

**Styringsgruppa for «Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland»** er sett saman av Ellinor Kolstad, Arnfinn Nilsen og Reidun Sørensen frå Hdml, samt Audun Vinger og Bitten Nesbakken.

**Prosjektgruppa for seminaret «Vinje i ei ny tid»** og seinare mediemarkering, var sett saman av Torill Nedberge Klevmark, Kari Røken Alm og Reidun Ramse Sørensen.

**Redaksjonskomitéen for bok om hadelandsdialekta** er sett saman av Rolf Theil, Bjørn Liaklev, Reidun R. Sørensen og Grethe Bøe.

## **Arrangement**

Seminaret «Vinje i ei ny tid» i april måtte vi diverre avlyse pga fare for koronasmitte. Vi fekk dekkja utgiftene etter søknader til Sparebankstiftelsen Gran, Gran kommune og kompensasjonsordninga frå Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Markering 17. mai: Den planlagte minnestunda over A.O. Vinje måtte avlysast pga koronasmittefare. Gunvor Raastad og Reidun R. Sørensen las ved grava og la ned krans, heilt uoffisielt.

Fysisk markering 30. juli 2020: 150 år etter Vinjes død vart markert på to måtar. Fysisk markering ved grava der Gunvor Raastad las dikt vart følgd av to Vinje-Grieg-konsertar i Nikolaikyrkja arrangert av kyrkja i Gran. Båe konsertane hadde maksimalt publikumstal, 50 stk.

Vinje i media: Samstundes fekk Hdml til ei flott mediemarkering med nokre av dei som skulle ha halde foredrag på seminaret. Tora Aasland skreiv i Nationen, Rolf Theil i Klassekampen og Karsten Alnæs i Telemarksavisa. Vemund skreiv omtale i avisa Hadeland. Reidun skreiv om korleis laget markerte 150-årsjubileet i medlemsavisa vår, Norsk Tidend.

Dialektprisen for 2020 vart tildela Torun Sørli under Potetfestivalen i Gran sentrum 12. september 2020.

«Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland» måtte avlysast i juni, men vart planlagt på nytt og avvikla 25. og 26. september 2020.

Poesikonsert Olav Nygard og Olav H. Hauge, i Grymyr kyrkje, var det første arrangementet vi måtte avlyse i mars, men det vart flytta til 11. oktober og gjennomført i godt samarbeid med kyrkja i Gran.

### **Representasjon**

- 21. mars 2020 deltok Torill og Reidun på Austmannalaget sitt årsmøte som vart avvikla som telefonmøte. Torill vart attvalt som 2. vara til styret i Austmannalaget.
- Reidun Ramse Sørensen deltok som laget sin utsending på NM sitt landsmøte i april (del 1, e-postmøte med val) og del 2 som digitalt landsmøte 17. og 18. oktober 2020. Reidun vart i april valt som ny 3. vara til styret i NM og deltok i eit fysisk styremøte i NM i Bergen i august.

### **Hadeland litteraturforum**

Medlemmer i forumet er Foreningen Norden, Gran bibliotek, Randsfjordmuséene avd. Hadeland folkemuseum, Hadeland kirkeakademi og Hadeland dialekt- og mållag. Vårt bidrag 13. februar hadde tema «Profitørene» med forfattaren Ola Karlsen. Forumet fekk og tildeling frå Fritt Ord i 2020. Det nye temaet er «Pengene eller livet» for sesongen 2020-2021. Som vårt bidrag har Torill førebudd litteraturkveld med foredrag i Gran bibliotek i mars 2021.

### **Dialekttempen AS**

Hdml er grossist for *Dialekttempen AS* og har avtale med detaljistar i Gran. Einar Raastad styrer varelageret og er kundekontakt. Marknaden synest å vere godt som metta, og styret vedtok i november å avvikle vår rolle som grossist.

### **Økonomi**

Vi driv forretningsverksemd og kulturformidling på dugnad. Sal av gradestokkar har gitt oss økonomisk tryggleik til å kunne satse på prosjekt innanfor kulturformidling.

### **Medlemssituasjonen**

I 2020 vart vi 46 betalande medlemmer, mot 44 i 2019 og 39 i 2018. I fjor kunne leiaren ønske velkommen til 5 nye medlemmer.

Styret